
Fra: Morgan Taule

Sendt: 10. juni 2014 18:31

Til: 'postmottak@radoy.kommune.no.'

Kopi: Arve Vange (arve@nis-amb.no); Bjørn Atle Blomvågnes Pedersen (bapede80@gmail.com); Kirsti Gjetle Floen; Ann Christin Hoen; Vidar Grindheim

Emne: Spørsmål til spørjetimen

Til spørjetimen i Radøy kommunestyre torsdag 12. juni 2014

Radøy kommune er vertskommune for Nordhordland Industriservice as. Dette er ei vekstbedrift med hovudkontor på Olsvollstranda. Verkesmda har og kontor i Eidsvåg.

Etter fleire år med stadig nye krevjande utfordringar, har regjeringa no planar om å endre på rammeføresetnadane for drifta til NIS as og andre liknande verksemdar. Som styreleiar for NIS as og gruppeleiar for Radøy AP er eg uroa over signala som no vert signalisert frå regjeringa.

Regjeringa har sendt ut eit høyringsnotat der dei i langt større grad ynskjer å setje attføringstenester ut på anbod. Høyringsfristen er og sett slik at det i praksis ikkje er mogleg å få handsama denne saka politisk. Det er nærast som ein trur at den nye regjeringa ikkje ynskjer politisk debatt om saka, og at ein no vil «snikinnføre» omfattande endringar i ordninga når det politiske Norge har ferie.

Eg er kjend med at Radøy kommune har motteke stortingsmeldinga med høyringsfrist 4 august 2014, og referer dermed ikkje ytterlegare frå denne meldinga.

Spørsmål:

Korleis kan Radøy kommune som ein av dei største eigarane av NIS as engasjere seg i denne saka, slik at det vert sendt eit høyringsvar til regjeringa?

For Radøy AP

Morgan Taule
Gruppeleiar